



Saksframlegg

Oppnemning av politisk representant i referansegruppe ifm revisjon av Heiplanen

Utval	Utvalssak	Møtedato
Hovudutvalet for plan og miljø		02.12.2025

Endeleg vedtaksrett i saka har Hovudutval for plan og miljø:

Dokument i saka:

- Oppstart av prosess for revisjon av Heiplanen - invitasjon til deltaking i arbeidet.
- Regional plan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei (Heiplanen) - Oppstart av arbeid med revisjon.

Vedlegg

- 1 Oppstart av prosess for revisjon av Heiplanen - invitasjon til deltaking i arbeidet.PDF
- 2 Regional plan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei (Heiplanen) - Oppstart av arbeid med revisjon.PDF

Bakgrunn for saka:

Fylkeskommunane Agder, Rogaland, Telemark og Vestland har vedteke å starte ein målretta og avgrensa revisjon av Heiplanen – Regional plan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei. Målet med revisjonen er å betre sikre leveområda til villreinen i dei nasjonale villreinområda Setesdal Ryfylke og Setesdal Austhei, og samtidig legge til rette for positiv utvikling i bygdene og grendene i villrein fjella.

Fyresdal kommune er ein av dei 16 kommunane som inngår i Heiplanområdet, og er difor invitert til å delta i ei politisk referansegruppe som skal bidra tidleg i revisjonsprosessen. Det første digitale møtet er planlagt 1. desember 2025.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; strategi for areal, klima og miljø – Fyresdal kommune skal forvalte og nytte areal- og utmarksressursane på ein berekraftig måte.

Villreinen i Setesdal Ryfylke og Setesdal Austhei er klassifisert med dårleg og middels kvalitet etter kvalitetsnormen for villrein. Dette skuldast mellom anna påverknad frå vegar, fritidsbustader og ferdsel som hindrar viktige trekkpassasjar og tilgang til kalvingsområde. Heiplanen har ikkje i tilstrekkeleg grad klart å sikre villreinens leveområde, og utviklinga går ikkje i ønska retning.

Som ein del av planområdet har Fyresdal kommune eit ansvar for å bidra til ei heilskapleg og kunnskapsbasert arealforvaltning. Gjennom aktiv deltaking i referansegruppa kan kommunen

påverke revisjonen slik at både villreininteresser og lokale utviklingsbehov blir ivaretekne. Dette er viktig for å sikre ei berekraftig framtid for både natur og samfunn i våre fjellområde.

Kva som skal/kan reviderast;

Revisjonen av Heiplanen skal vere avgrensa og målretta, og skal gjennomførast innan to år med økonomisk støtte frå Miljødirektoratet. Følgjande tema er aktuelle for revisjon:

- Oppdatere kunnskapsgrunnlaget om villreinens leveområde og påverknader frå menneskeleg aktivitet
- Vurdere og eventuelt justere grensene for Nasjonalt villreinområde og omsynssoner
- Styrke retningslinjer for arealbruk, ferdsel og fritidsutbygging i viktige villreinområde
- Sikre betre samordning mellom kommunale og regionale planar
- Vurdere korleis Heiplanen kan bidra til lokal verdiskaping og bygdeutvikling i tråd med omsyn til villreinen

Heiplansekretariatet ber kommunen om å oppnemne éin politisk representant til å delta i referansegruppa. Det er ønskjeleg at representanten har ei sentral politisk rolle, til dømes som ordførar, varaordførar eller leiar/nestleiar i eit relevant hovudutval. Då Utval for plan og miljø handsamar dei fleste sakene innan tema som rører ved Heiplanen og villreinproblematikk, tenkjer ein det er naturleg at representanten til politisk referansegruppe kjem frå utvalet.

Konklusjon:

Det har lenge vore etterspurd ein revisjon av Heiplanen, nettopp for å spisse den mot reelle problemstillingar, og samstundes gje meir rom for utvikling av bygdene der kunnskapsgrunnlaget gjev rom for det. Det er difor svært viktig at Fyresdal kommune stiller med ein engasjerte representant i referansegruppa.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Utval for plan og miljø oppnemner ein representant og ein vara frå eige utval, for deltaking i politisk referansegruppe i samband med revisjon av Heiplanen. Administrasjonen vidareformidlar dette til sekretariatet for Heiplanen.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Aslak Momrak-Haugan
	skogbrukssjef